
Fra: Eli Bjørklid
Sendt: 14. november 2016 13:01
Til: Postmottak Lindås
Emne: VS: Fradeling 40/2.

Hei, her kommer en til av samme slag – til sak 16/3218

Mvh
Eli

Fra: Eli Bjørklid
Sendt: 14. november 2016 13:00
Til: 'joruhod@online.no'
Emne: Fradeling 40/2.

Jorunn S. Hodneland

I søknad datert 28/9 og stemplet inn i kommunen 3/10, søker du om arealoverføring av parseller frå 40/2 til eksisterande tomter 40/80 og 40/60.

Desse tomtene er det ikkje bygd på, og av kartet som føl med ser det ikkje ut til at tomtene har veg, eller avløp og vassforsyning?

Tomtene ligg i område som i kommuneplanen skal nyttast til fritidsbustader, men av søknaden går det fram at føremålet med deling er overføring til bustadtomter?

Dersom tomtene skal byggast på etter at deling er gjort, treng eg å sjå dokument som syner at tomtene har vegrett, og korleis veg er tenkt ført fram. Utkøyring er til kommunal veg, det må søkast om løyve til utvida bruk av avkøyringa.

Det ligg ikkje føre nabovarsel, men 40/29,31 og 40/32 bør få nabovarsel, då desse eigedommane vert råka og må få høve til å uttale seg.

Tiltaket – dersom det gjeld tillegg til tomter som er tenkt nytta til heilårsbustader – treng dispensasjon. Du bør såleis legge ved eit lite brev som syner kvifor desse tomtane treng meir areal, og som stadfestar at dette gjeld til bustadføremål heilårsbustad. Dersom føremålet er fritidseigedom treng du ikkje søkje dispensasjon.

Søknaden din må då vente enno litt, til dei opplysningane som manglar er komme inn.

Venleg helsing
Lindås kommune
Eli Bjørklid
(konsulent)

Direkte nummer 56375627 (måndag og tysdag).